



KI-notat nr.33/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Skorvo Kraftlag AS/Skorvo kraftverk	Sign.	
Fylke/kommune:	Hordaland/Granvin	for Sign.:	
Ansvarlig:	Øystein Grundt		
Saksbehandler:	Katarina Eftevand		
Dato:	16 JUN 2011		
Vår ref.:	NVE 200704147-35 ki/oegr		
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til å bygge Skorvo kraftverk i Granvin Herad i Hordaland

Innhold

Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktshandsaming	3
Søkjar sine kommentarar til høringsuttalar	10
Tilleggsopplysninger og kommentarar til desse	11
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	13
NVE si vurdering	17
NVE sin konklusjon	20

Samandrag

Søknaden frå Skorvo Kraftlag AS gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til utbygging og drift av Skorvo kraftverk i Granvin Herad i Hordaland. Søknaden er handsama etter reglane i kap. 3 i same lov.

Det omsøkte prosjektet vil etter søknaden utnytte eit fall i Skorvo mellom kote 342 og kote 54 og gje ein årleg produksjon på ca. 6 GWh. Etter høyring og synfaring har søkjar lagt fram nytt alternativ for røyrtraseen.

Kraftverket er planlagt med ein effekt på 999 kW, maksimal slukeevne på 450 l/s og minste slukeevne på 45 l/s. Det er lagt opp til å sleppe ei minstevassføring i Skorvo på 495 l/s i sumarsesongen og 116 l/s i vintersesongen.

Skorvo er ei sideelv i Granvinvassdraget som er varig verna mot kraftutbygging. I verna vassdrag er det opna for utbygging av minikraftverk med inntil 1 MW installert effekt. Føresetnad for å gi konsesjon er at ei utbygging ikkje kjem i konflikt med vernekriteria. I vurderingane som er lagt til grunn for vassdragsvernet er det vist til viktige kvalitetar både av naturvitskapleg art og for vilt- og

fiskeinteressene. Omsynet til Skjervefossen som særskilt landskapselement vart tillagt særleg vekt. I tillegg er dei nedre delane av vassdraget vurdert slik at det dannar eit typevassdrag.

Granvin herad og Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon som omsøkt, medan Fylkesmannen i Hordaland, Norsk Ornitologisk Foreining, NJFF-Hordaland, Naturvernforbundet i Hordaland og Bergen turlag er i mot planlagd utbygging. Grunngevinga for innvendingane er knytt til at vassdraget er verna, og vidare at tiltaket kan ha negative konsekvensar landskap, biologisk mangfald, fugl og sjøaure. Fylkesmannen har vektlagt omsynet til Skorvofossen som eit viktig moment for å rå i frå utbygging. Andre sektorinteresser har ikkje merknader som har noko å seie for vedtaket.

NVE har vurdert utbyggingsplanen etter søknad datert 24.05.2007, med justert plan av 12.01.2008, 12.02.2008 og 10.01.2009 og meiner at fordelane med utbygging av Skorvo kraftverk er knytt til noko auka fornybar energiproduksjon og lokal verdiskaping for falleligarane.

Eit kraftverk i Skorvo vil innebere inngrep i eit verna vassdrag som i verneplanen er omtalt med verdi som eit typevassdrag for dei indre delar av fjordstrøka i Hordaland. Skorvofossen som eit viktig natur- og landskapselement vil bli påverka av ei ev. utbygging. NVE vurderer det slik at det, uavhengig av vassdragsvernet, vil vere uheldig med ei utbygging som endrar det naturlege vassføringsregimet i og omkring fossen. I ei viktig fossesprøytsone i tilknytning til fossen kan det vere eit potensiale for å finne raudlisteartar som er fuktkevjande, men det er ikkje mogeleg å få stadfesta dette grunna dei topografiske tilhøva. NVE meiner at når botanikk er trekt fram som eit av kriteria for vernet lyt det utvisast stor aktsemd i å ta vare på mogeleg forekomst av sjeldne artar i eit slikt vassdrag. Anadrom strekning vil òg verte noko berørt sjølv kom dei viktigaste strekningane i elva ligg nedanfor kraftverket. NVE meiner at for sjøaurebestanden kan ein avbøte verknadene i tilstrekkeleg grad med fastsetting av avbøtande tiltak.

Planlagt utbygging av Skorvo kraftverk vil etter NVE si vurdering både vere i konflikt med vernestatus for vassdraget og uavhengig av dette medføre skade og ulempe for allmenne interesser som er større enn dei fordelane som tiltaket vil gje. NVE konkluderer difor med at det ikkje blir gjeve løyve til å bygge Skorvo kraftverk, jf. vassressurslova § 35 første ledd, post 5 og 8, jf. òg vassressurslova § 25.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Skorvo Kraftlag AS, datert 24.05.2007:

Skorvo Kraftlag ynskjer å nytta vassfallet i elva Skorvo , Granvin Herad Hordaland, og søker med dette om fylgjande løyve:

1. Etter vassressurslova , jf. §8, om løyve til:

- *å bygge Skorvo Kraftverk - (Skorvo Kraftlag AS)*

2. Etter energilova om løyve til:

- *Bygging og drift av Skorvo Kraftverk, med tilhøyrande koblingsanlegg*
- *og kraftlinjer som beskrive i søknaden.*

Følgjande hovuddata vert referert frå søknaden:

TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	33
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	55
Middelvannføring	m ³ /s	1,82
Alminnelig lavvannføring	l/s	116
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	495
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	

KRAFTVERK

Inntak	moh.	342
Avløp	moh.	54
Brutto fallhøyde	m	288
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,6
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,45
Slukeevne, min	m ³ /s	0,045
Tilløpsrør, diameter	mm	486
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	950
Installert effekt, maks	kW	999
Brukstid	timer	6261

MAGASIN

Inntaksmagasin	m ³	1200
HRV	moh.	342
LRV	moh.	342

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	4
Produksjon, årlig middel	GWh	6

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	9,3
Utbyggingspris	kr/kWh	1,55

Skorvo kraftverk, Elektriske anlegg

GENERATOR

Ytelse	MVA	1,25
Spennning	kV	0,69

TRANSFORMATOR

Ytelse	MVA	1,25
Omsetning	kV/kV	0,69/21,5

NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)

Lengde	m	500
Nominell spenning	kV	22

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden har vore kunngjort, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn etter vanlege reglar. NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Granvin Herad gjorde følgjande vedtak i formannskapet 04.09.2007:

"Granvin herad vil rå til at det vert gitt løyve til Skorvo Kraftlag til utbygging av elva Skorvo.

Granvin herad ber om dei "fylkespolitiske retningslinene for energi" vert tekne opp til vurdering, med tanke på å endre dei slik at dei er i samsvar med overordna nasjonal politikk på området. Jfr. supplering av verneplan.

Frå saksutgreiinga refererer vi vidare:

"Vurdering

Når Granvin herad skal vurdere ein søknad om løyve til bygging av kraftverk er det særleg høve til kommuneplanen som skal vurderast. I tillegg skal kommunen vurdere tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessene som til dømes korleis ålmentas interesser vert rørt. Kommunen skal sende kopi av sin uttale til fylkesmannen. Granvin herad sin samfunnsdel av kommuneplanen som vart vedtatt i 2005 peiker på utnytting av vassdragsressursar i småkraftprosjekt som eit viktig satsingsområde: ... Granvin herad meiner det er viktig å verna om hovudstrengen i (Granvins-)vassdraget slik at denne ikkje vert råka av slike (småkraftutbygging) tiltak. For sidevassdraga derimot er det ynskjeleg å opna opp og leggja til rette for utvikling i samsvar med nasjonale føringar.... Som ei oppfølging av dette er småkraftutbygging sett opp som eit av 7 hovudsatsingsområde i Granvin herad sin næringsplan som vart vedtatt i desember 2006. Utnytting av vassressursar til småkraftprosjekt vert sett på som ei viktig inntektskjelde som kan støtte opp under busetting og tradisjonell landbruksproduksjon. Utnytting av vassressursane i Skorvo er difor i tråd med ei ynskt utvikling i kommunen. I ny arealplan som er under utarbeiding ynskjer ein å synleggjere vassdrag som kan vere aktuelle for framtidige småkraftprosjekt. Inngrepa i samband med den planlagde kraftutbygginga vil i liten grad verte synlege. Dalføret der elva kjem ned er bratt og lite tilgjengeleg, og det er ikkje eit område som normalt vert nytta i tursamanheng. Det er ikkje tilrettelagde turløyper i området. Slik sett kan ein ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med lokale interesser og ålmenta sin bruk av området. Skorvefossen kastar seg ut i fritt fall, og er visuelt eit flott innslag i landskapet ved mykje vassføring. Dalføret/gjelet der fossen kjem ut ligg mot nord og er generelt lite synleg, mellom anna frå riksvegen. I tillegg er uttak av vatn frå inntaksdammen avgrensa, slik at det i periodar med mykje vatn truleg vil merkast lite på vassføringa i fossen. Ein kan difor ikkje sjå at innverknaden for ålmenta er av ein slik karakter at ein bør rå i frå tiltaket. Tiltaket vil heller ikkje ha særlege negative konsekvensar for naturtypar og biologisk mangfald, jf. rapport om verknader på biologisk mangfald.

Alt i alt er det viktig at inngrepa vert utført på ein skånsam måte og på ein tid av året der dyre- og fuglelivet vert minst skadelidande. Det er også viktig at det ved fastsetting av minstevassføring vert tatt omsyn til fossen som ein viktig del av landskapet, dei fuktkrevjande naturtypane og sjøaurestammen, noko som også søkjar omtalar i konsesjonssøknaden som mogleg avbøtande tiltak.

Konklusjon:

Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre viktige argument som talar i mot ei utnytting av vassressursane i Skorvo til kraftproduksjon som skissert i konsesjonssøknaden. Det er positivt at vassressursar til småkraftprosjekt vert utnytta av grunneigarane, og på denne måten støtter opp

under busetting og tradisjonell landbruksproduksjon. Ein vil difor rå til det vert gitt løyve til Skorvo Kraftlag som omsøkt."

Fylkesmannen i Hordaland uttalar i brev av 18.09.2007:

*"**Konklusjon:** Fylkesmannen vil rå frå at det vert gjeve konsesjon for Skorvo kraftverk. Dette er særleg grunna i at vassdraget er verna, og at tiltaket rører ved ein stor og mektig foss. Det er og grunna i at dette er eit svært viktig lakse- og sjøaurevassdrag, med sårbare stammer.*

Dersom NVE likevel finn at det er grunnlag for å gi konsesjon til omsøkte tiltak, meiner Fylkesmannen at følgjande vilkår må inngå i konsesjonen:

- Krav om auka minstevassføring i perioden 15.08 - 01.12 til minimum 1,0 m³/s. Automatisk forbisleppsventil ved kraftverket for å sikre tilhøve til fisk.*
- Inngrep vert planlagt etter pbl og handsama i tråd med formålet i RPR for vassdrag.*

***Vurdering:** Granvinsvassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1986 (Verneplan III). Gjennom Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag har Regjeringa seinare gitt spesielle føringar for forvaltning av slike vassdrag. Nasjonale mål i RPR skal leggjast til grunn ved vurdering av inngrepssaker etter plan- og bygningsloven og sektorlovane, og skal gjeld heile nedslagsfeltet for vassdraget. Det var særleg den landskapsestetiske verdien til Skjervefossen som låg til grunn for vernet. Vassdraget har og mange andre viktige kvalitetar, mellom anna knytt til vilt og fisk.*

Stortinget vedtok i 2005 ((Innst. S. nr. 116 (2004-2005) Supplering av Verneplan for vassdrag) at det skal være mogleg å få konsesjon til bygging og drift av kraftverk med momentaneffekt opp til 1 MW i verna vassdrag. Vilkåret for å få slik konsesjon er at verneverdiane i det verna vassdraget ikkje blir rørt ved.

Fylkesmannen konstaterar at storleiken på omsøkt utbygging ligg innafor grensa der Stortinget har opna for moglege konsesjonar. For å kunne vurdere om vilkåret for å gje konsesjon er til stades, er det nødvendig å dokumentere verknaden av tiltaket i høve verneverdiane i vassdraget. Skorvofossen ligg meir gjømt i landskapet enn Skjervefossen, men inngår like fullt i den samla vassdragsnaturen som er verna mot kraftutbygging. Skorvofossen opplevast som stor og praktfull og bortfall av vatn i Skorvofossen vil redusere opplevingsverdien knytt til landskapsbilde i området. Dette er ikkje forsøkt synt i søknaden.

Utbyggingsområdet blir nytta av lokalbefolkningen til jakt og turgåing, men desse interessene vil i liten grad bli råka direkte, når det gjeld arealbruken. Skorvo er ein del av Granvinvassdraget, som er Hordaland sitt viktigaste sjøaurevassdrag.

Nokre år har Granvinsvassdraget hatt landets største fangstal for sjøaure. Granvinselva har også ei av Hordalands viktigaste laksestammer. Fisken går heilt opp til Skorvofossen som ligg ca 175m oppstrøms den planlagde kraftstasjonen. Sjølv om slukeevna er relativt liten i høve til gjennomsnittleg vassføring vil utbygginga kunne gi redusert mogelegheit for gytevandring. Ved brå stans i kraftverket kan fisk strande nedstrøms kraftverket. Dersom omsøkte tiltak ikkje skal redusere tilhøva monaleg for fisken, må det monterast forbisleppsventil ved kraftverket. Der er og nødvendig med auka minstevassføring i oppvandrings- og gytetida (15.08 -01.12). Denne bør ver minimum 1,0 m³/s. Det kan likevel ikkje utelukkast at tilhøvet for fisk vil verte redusert. Den kommunale viltkartlegginga i Granvin syner at det er eit relativt rikt viltmangfald i tiltaksområdet. Konsekvensane av dette omsøkte tiltaket på viltet er likevel truleg avgrensa. Tiltaket vil i større grad påverka viktige naturtypar knytt til elvestrengen. Dette gjeld særleg fossesprøytsone ved Skorvofossen. Her gjev sprøyt og vassrøyk frå fossen eit særmerkt

microklima for fuktkevjande artar. Fossesprøytsone er kartfesta og vekta som viktig naturtype. Det er ikkje gjort ei artsinventering med tanke på raudlista artar i denne naturtypen, noko som gjer det vanskeleg å vurdera den økologiske verdien på lokaliteten. Det er i tillegg registrert naturtypen bekkeløft i elva sitt løp ovanom Skorvefossen. Også her utgjer det fuktige skyggefulle miljøet eit avgjerande element til naturtypen og artsmangfaldet. Naturtypen er vekta til lokalt viktig.

Fylkesmannen vurderar det slik at verknadene av tiltaket på biomangfald i størst grad omfattar endra habitatkvalitet til fisk og fuktkevjande planter ved redusert vassføring i det påverka elvestrekket. Desse negative verknadene kan reduserast ved å oppretthalde ei større minstevassføring.

Rapporten "Virkninger på biologisk mangfold" er grunnlaget for søknaden, viser samla verdi for biomangfald og verneinteresser i tiltaksområdet. Dette er vurdert som middels - stor, der mellom anna følgjande tema har vore viktige i vektlegging: vassdragsvern, forekomst av anadrom fisk og naturtypar knytt til elvestrengen. Samla vurdering av konsekvensane er sett til liten - middels negativ. Dette er framcome ved at ein har vekta dei einskilde tema og rekna ut samla vurdering. Fylkesmannen etterlyser ein konsekvensvurdering som på ein betre måte synleggjer eigenverdien av heile det verna vassdraget. Fylkesmannen vil og peike på at metoden som vert nytta i denne og tilsvarende konsesjonssaker ikkje viser samanhengen mellom urørt natur, landskap, friluftsliv, opplevingsverdi og reiseliv på tilfredsstillande måte. Grunnlaget for å vurdere konsesjonsspørsmålet er etter vår oppfatning ikkje godt nok.

Forholdet til plan - og bygningsloven

Området som blir påverka av utbygginga har status som LNF-område i kommuneplanen til Granvin herad. Dette vil m.a. si at alle inngrep (inntaksdam, rørgate, kraftstasjon, veger m.m.) som ikkje har tilknytning til jord- og skogbruk må handsamast etter reglane i plan- og bygningslova. Det må anten gis dispensasjon frå gjeldande kommuneplan eller eigen reguleringsplan må utarbeidast. Fordi Granvinvassdraget er verna, må kommunen ta omsyn til Rikspolitiske retningslinjer ved handsaming av denne saka. Tiltaket omfattar bygging av dam, traktorveg, rørgate, stasjonsbygning, veg og kabeltrase. Vegen inn til stasjonen er ikkje planlagt ut over at den er vist med stipla line på kart i konsesjonssøknaden, til tross for nærføring til verna vassdrag. Fylkesmannen meiner at summen av eit eventuelt tiltak som omsøkt er reguleringspliktig, jf pbl § 23. "

Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i fylkesutvalet 20.09.2007:

1. "Fylkesutvalet rår til at det vert gjeve løyve til bygging av Skorvo kraftverk i Granvin
2. Det bør setjast krav om minstevassføring slik det er lagt opp til frå utbyggjar si side.
3. Undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova må oppfyllest. "

Frå fylkesrådmannen si saksutgreiing refererer vi følgjande:

"I Hordaland har det i inneverande valbolck vore handsama over 30 små og store søknader om kraftutbyggingar som til saman kan gje om lag 650 GWh. Til no har 2 prosjekt fått avslag og vel 20 fått konsesjon frå NVE. I denne samanheng vil eit kraftverk på 6 GWh ikkje vere avgjerande for kraftforsyninga i regionen, og det er ikkje lokale tilhøve som særskilt skulle tilseie at det er viktig med ei utbygging akkurat på denne plassen. Ved vern av Granvinvassdraget vart landskapsopplevinga av Skjervefossen ved riksvegen tillagt stor vekt, men det også peika på andre viktige verneverdiar, mellom anna laks- og sjøaure i vassdraget samt rikt biologisk

mangfold. Dette er tema som har fått forsterka fokus i seinare tid, og er verdier som kan vere vel så viktige å ta vare på for framtida.

Skorvo kraftverk vil ikkje påverke vassføring i Skjervefossen eller landskapsoppleving av denne. Utbygginga kan likevel påverke andre regionalt og nasjonalt viktige verdier i Granvinsvassdraget. Kor stor del av vassføringa i Skorvefossen som kan fråførast før det vert til skade for sjøaure, viktige naturtypar eller raudlisteartar er det Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen sin Miljøvernavdeling som har fagkunnskap til å vurdere.

Oppsummering

Søknaden gjeld utbygging av eit mindre kraftverk i eit verna vassdrag, og i høve til gjeldande fylkespolitiske retningslinjer skal det ikkje byggjast nye kraftverk i verna område. Stortinget har opna for konsesjonshandsaming av kraftverk inntil 1MW i verna vassdrag, men verneverdiane skal tilleggjast stor vekt og konsesjon berre gjevast unnataksvis. Kraftutbygginga vil ikkje påverke Skjervefossen, som var vesentleg for vernet av Granvinsvassdraget. Utbygginga kan likevel ha negativ verknad for andre regionale og nasjonale interesser innafor biologisk mangfold, men her er det trong for nærare fagvurderingar av Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen sin miljøvernavdeling. Nasjonalt er det også igangsett prosjekt for å få meir kunnskap om verneverdier i fossesprøytsoner og bekkekløfter. Ut frå omfanget av kraftutbyggingssøknader i fylket vil ikkje dette prosjektet vere avgjerande for energisituasjonen i regionen. En finn ingen særlege grunnar til at det er naudsynt å bryte med dei fylkespolitiske retningslinjene om å unngå kraftutbygging i verna vassdrag. Om konsesjon likevel skal vurderast er det vesentleg kor stor del av vassføringa i Skorvefossen som kan fråførast før det vert til skade for sjøaure, viktige naturtypar eller raudlisteartar. Her må vurderingar frå fagetatane innan miljø tilleggjast stor vekt, eventuelt bør konsesjonsavgjerd avvente til kartlegging og rangering av fossesprøytsoner og bekkekløfter er gjennomført dersom kunnskapsgrunnlaget er for dårleg i dag."

Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland uttalar i brev av 19.09.2007:

"Ettersom elven Skorvo er vernet stiller dette ekstra krav til påpasselighet vedrørende evt. skadevirkninger på eksisterende fauna i område. I utgangspunktet er NOF-Hordaland skeptisk til inngrep i vernede områder. Den økonomiske gevinsten av en utbygging i denne størrelsen vil etter vårt syn ikke oppveies av eventuelle skadevirkninger og er heller ikke av en slik størrelsesorden at den ut fra økonomiske vurderinger kan begrunne nødvendigheten av inngrepet.

Vedlegg 12 Virkninger på biologisk mangfold

Pkt 3.1 Datagrunnlag

Det sies her at datagrunnlaget er basert på eksisterende data fra kommunen og Direktoratet for naturforvaltning samt en egen befaringsplan i planområdet i november 2005. NOF-Hordaland vil påpeke at dette materialet kan være både ufullstendig og unøyaktig og at det tilrås ny utredning i hekketiden for å få et så riktig beslutningsgrunnlag som mulig. En befaringsplan så sent på året vil ikke gi noe riktig bilde av status for fuglelivet i området. Ettersom vi her snakker om allerede vernede områder vil behovet for riktig datagrunnlag være betydelig høyere enn ellers. Det påpekes i rapporten at området huser en rekke rødlistearter, noe som understreker dette behovet ytterligere.

Pkt 6.3 Mulighet for avbøtende tiltak

NOF-Hordaland mener tiltakene som er skissert i dette avsnittet og spesielt krav til vannføring er avgjørende med tanke på å unngå mulige konflikter med hekkefugler som fossekall og vintererle. Videre må det tilstrebes at anleggsarbeider utføres utenom yngleperioden for fugler og pattedyr. Dette understrekes særlig med tanke på rødlistearter i området som ikke nødvendigvis vil påvirkes av selve inngrepet på lang sikt, men som vil kunne få midlertidig redusert ynglesuksess som følge av aktiviteten en slik utbygging medfører.

NOF-Hordaland mener at en utbygging i dette fredede området bør unngås. Dersom det vedtas utbygging vil en forutsetning fra vår side være at området underlegges nødvendige undersøkelser for å få oppdaterte data inn i beslutningsprosessen. Derneft vil de avbøtende tiltak som skisseres være avgjørende for vår tilslutning."

Naturvernforbundet i Hordaland uttalar i brev av 19.09.2007:

"Naturvernforbundet Hordaland meiner det ikkje bør byggast vasskraftverk i elva Skorvo i Granvin Herad, Hordaland.

Presset på utbyggingar som denne er veldig stort, og samla utgjør utbyggingane ein trussel mot det biologiske mangfaldet i og nær elvar og vassdrag. Difor er det viktig å bevare nokre vassdrag uutbygd. Vassdraget det no vert søkt om å byggast i er verna. Det ble i 2004 opna for å bygge mini- og mikrokraftverk i verna vassdrag, så lenge inngrepet ikkje påverkar verneinteressa i vassdraget. I verneplan III for Granvinvassdraget er delar av grunngevinga for vern at "Objektet inneholder viktige kvaliteter både av naturvitenskapelig art, og for vilt- og fiskeinteressene."

Granvinvassdraget inneheld det høgaste talet på karplantar registrert i vassdrag på Vestlandet. I influensområdet er det førekomst av fossesprøytoner og elvegjel, områder som er spesielt sårbare for kraftutbygging. Området er ifølge biologisk mangfald-rapporten eit sannsynlig habitat for rødlista artar av lav og mose. Det er ein god bestand av sjøaure i vassdraget, som går i Skorvo opp til fossen. Granvinvassdraget er viktig i samband med fritidsfiske av aure både i dag og tidligare. Her inngår kvalitetar av naturvitskapleg art og vilt- og fiskeinteresser. Utbygginga kan, ifølge biologisk mangfald-rapporten, i noko grad forverre situasjonen for karplantar, lav og mose. Den kan og påverke bestanden av aure i elva. Når det gjeld biologisk mangfald og naturvitskaplege verdiar er det vanskelig å føresjå om eit inngrep vil ha negative konsekvensar. Det er dermed usikkert om verneinteressene i vassdraget blir forringa, også med gode avbøtende tiltak. Derfor er det viktig å følgje føre-var-prinsippet. Dette gjeld spesielt i verna vassdrag, der ein har mogelegheit til å bevare eit eksemplar av ein naturtype som ikkje vil forsvarast i tilsvarande utbyggingssituasjonar der vassdrag ikkje er verna."

Norges Jeger og Fiskerforbund uttalar i brev av 20.09.2007:

"...Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland vil påpeke at Granvinvassdraget tradisjonelt har vært ei svært viktig lakse- og sjøaureelv. Særlig betydelig har fisket etter sjøaure vært, med årsfangster på flere tonn i tidligere år. Skorvo er ei viktig sideelv for sjøauren i vassdraget, og sjøauren går helt opp til Skorvefossen. En regulering vil føre til redusert vannføring fra fossen til utløpet av kraftstasjonen gjennom hele året, og dårligere overlevelsesmuligheter samt reduserte gyte- og oppvekstområder for fisk på denne strekningen. Dette vil gjøre det vanskeligere for sjøaure å vandre opp- eller nedstrøms til viktige gyte- og oppvekstområder, samt at området med permanent vanddekket areal i perioder blir sterkt redusert. Dette vil gi redusert yngelproduksjon av sjøaure i et vassdrag med en allerede truet sjøaurebestand. I tillegg vil man når kraftverket slås av/på få svært hurtige endringer i vannføringen nedstrøms utløpet

fra stasjonen. Særlig vil hurtige reduksjoner i vannføring på strekningen i perioder med liten restvannføring være negativt for yngel og gytefisk i dette området. Dette gjelder spesielt i perioder med lave vanntemperaturer, da fisken er vekselvarm og reagerer tregere på endringer. Faren for tørrlegging av fisk vil da være absolutt til stede.

Når turbinen stenges i perioder med lite naturlig tilsig vil det ta mange timer til vannet har rent over inntaksdammen og fylt opp kulper og høler på den regulerte strekningen ned til utløpet av kraftstasjonen. I denne perioden vil det i vinterhalvåret bare være en minimal minstevannføring på 116 l/s som da vil renne fra fossen helt ned til samløpet med resten av Granvinselva. I tillegg til skadene på fisk vil dette også være svært ugunstig for andre vannlevende organismer. Som det fremgår av bildene består elvebunnen i Skorvo i stor grad av svært grove masser. Den foreslåtte minstevannføringen vil trolig i stor grad forsvinne i elvebunnen slik at elva framstår som tørrlagt i perioder med kun minstevannføring, i hvert fall på lange deler av strekningen.

Konklusjon : NJFF - Hordaland går sterkt i mot at det blir gitt konsesjon til bygging av Skorvo kraftverk. Dette på grunn av faren for en katastrofal virkning på bestandene av anadrome laksefisk i Skorvo, samt i Granvinsvassdraget. Det berørte området er for øvrig svært naturskjønt, og tekniske inngrep vil medføre svært redusert opplevelsesverdi av området. Dette er skadevirkninger som på ingen måte står i samsvar med den ubetydelige kraftproduksjonen prosjektet eventuelt vil medføre."

Indre Hardanger Kraftlag AS uttaler i brev av 06.07.2007:

"Ifølge søknaden skal det byggast eit kraftverk med installert effekt på 999 KW og med ein berekna årsproduksjon på ca 6 GWh. Tilknyting til vårt 22 KV distribusjonsnett, skal etter planen utførast med ein 500 m lang jordkabel. IHK AS har ingen spesielle merknader til denne løysinga.

Pr i dag er der kapasitet til å overføre 1 MW på vårt distribusjonsnett frå Skorvo og fram til Granvin sekundærstasjon. Eventuell overskotskraft som skal distribuerast opp på 66 KV regionalnett, så er det ikkje gjeve signal frå regionalnettseigarar at der er ledig kapasitet.

Dersom det må utførast nettforsterkingar for å få ut deler av produksjonen, så vil dette utløyse anleggsbidrag frå utbyggjar."

BKK Nett uttaler i brev av 19.09.2007:

"BKK Nett har mottatt konsesjonssøknad vedrørende Skorvo kraftverk i Granvin herad. BKK Nett som utredningsansvarlig og som regionalnettseier i aktuelt område påpeker at det pr dato ikke er ledig kapasitet i regionalnettet for innmating fra Skorvo kraftverk. Vi viser også til kraftsystemutredningen for BKK-området og Indre Hardanger, kapittel 4.5. Denne finnes på WWW.BKK.NO under fliken "Om BKK/Utredninger og meldinger". BKK Nett som utredningsansvarlig arbeider sammen med andre regionalnetts eiere i området for å finne frem til gode løsninger for å øke utmatingskapasiteten i aktuelt nett."

Statens Vegvesen uttaler i brev av 27.09.2007:

"Statens vegvesen, Voss og Hardanger distrikt sin merknad til dette prosjektet er at dersom det skal byggjast anleggsveg til kraftverket, med tilkomst til RV 13, må det sikrast at denne stettar dei tekniske krav jf. vegnormalane. Ein bør søkja å nytta/utvida eksisterande avkøyringar dersom dette er mogeleg. Til orientering er både tilrettelegging for ny tilkomst eller utvida bruk av ein eksisterande tilkomst, søknadspliktig.

Vi vil også minne om at det skal byggjast ny trase for RV 13 i dette området, jf. Vossapakka. Det er viktig å ta omsyn til desse i dykkar vidare arbeid.

Utover dette har ikkje Statens vegvesen, Voss og Hardanger distrikt merknader i saka."

Bergen Turlag uttalar i brev av 20.10.2007:

"Bergen Turlag vil støtte konklusjonene i uttalelsen fra Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland datert 20.09.2007. Pga sykmelding hos saksbehandler hos oss har vi ikke fått tid til å gi en egen detaljert uttalelse i saken støtter vi NJFF sitt syn på saken og peker spesielt på den flotte fossen som vil bli rammet. Vi mener det er helt feil å bygge ut varig verna vassdrag når så klare naturverdier rammes. Vi synes den vakre frifallsfoss, fosserøyksonen og særpreget fuktkrevende vegetasjon er grunn god nok til å avslå prosjektet".

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev datert 01.11.2007 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Uttalen frå Hordaland Fylkeskommune som er oversendt Skorvo Kraftlag, er ikkje i samsvar med det vedtak som fylkesutvalet i Hordaland fatta i sitt møte 20.09.07. Skorvo Kraftlag har ved fleire høve gjort både Hordaland Fylkeskommune og NVE merksam på dette. Hordaland Fylkeskommune stadfestar at dei rette dokument er sendt NVE. Me vonar at NVE tek tak i dette og at dei rette dokument føl saka vidare.

Granvinvassdraget vart i 1986 verna i verneplan 3. Etter Stortinget si handsaming av suppleringsplan for vassdrag i 2005 vart det opna for konsesjonshandsaming av kraftverk inntil 1 MW i verna vassdrag om dette ikkje svekka verneverdiane i vassdraget. Granvin Herad har følgd opp dette i sin kommuneplan, der det står at dei ikkje ynskjer utbygging av kraftverk i hovedvassdraget (Skjervsfossen), mens det for sidevassdraga er ynskjeleg å opna opp og leggja til rette for utvikling i samsvar med nasjonale føringar. Då uttalen vart handsama i formannskapet i Granvin, var det eit samla formannskap som støtta Skorvo Kraftlag sine planar. Skorvo Kraftlag ynskjer ikkje å kommentera dei einskilde uttalane men vil presisera hovedpunktene i søknaden.

- Me meiner, som andre også peikar på i sine uttalar, at det er positivt at vassressursane til småkraftprosjekt Skorvo Kraftverk vert utnytta av grunneigarane, som på den måten er med å støttar opp under busetnad og tradisjonell landbruksproduksjon.*
- Inngrepa i samband med den planlagde kraftutbygginga vil i svært liten grad verta synleg. Røyrgrata vil verta nedgraven og dermed lite synleg. Terrenginngrep vil verta utført og avslutta på ein skånsom måte, og anleggsperioden vert i hovedsak utført utanom yngleperioden for dyr og fuglar.*
- Dalføret der elva kjem ned er bratt og lite tilgjengeleg. Det er ikkje turløyper i området. Såleis kjem ikkje tiltaket i konflikt med lokale interesse og ålmenta sin bruk av området.*
- I planane er det teke høgde for at det skal vera ei minstevassføring i vassdraget. Dette for at Skorvefossen er eit viktig del av landskapet og for dei fuktkrevjande naturtypene. Med 3-4 års mellomrom kan det førekoma perioder der Skorvo er turlagd.*
- Tiltaket har liten negative konsekvensar for naturtypar og biologisk mangfald, jf. rapport om verknaden på biologisk mangfald, frå Ole Kristian Spikkestad Naturundersøkelse.*

- Når det gjeld levekåra for fisken i vassdraget vil dei i svært liten grad verta berørt av tiltaket. Kraftstasjonen er trekt så langt inn i dalføret at vatnet frå kraftstasjonen vil verta sleppt ut innfor den strekningen som er sjøauren sitt viktigaste oppvekst/gyteområde. For gytefisk vil ein tru at det vil vera positivt, då denne strekningen vil vera sikra meir vatn enn kva som er tilfelle i dag, då mykje av vatnet i elva forsvinn i grunnen før det kjem fram til gyteområda. For å få dette forholdet nærare dokumentert har Skorvo Kraftlag tinga ein fiskeribiolog som vil dokumentere forholda for fisken i elva. Så snart denne rapporten føreligg vil han verta send NVE. Syner ellers til NJFF sin uttale med foto over "Midtre del av Skorvo sine flotte oppvekstområder for sjøaure". Dette bilete syner det som ovafor er omtalt, og at kraftstasjonen kjem oppom dette "flotte" område.

Vår konklusjon er at me ikkje kan sjå at det føreligg viktige argument i dei uttalane som er innkomne som talar i mot ei utnytting av vassressursane i Skorvo. Skorvo Kraftverk sine planar er godt forankra i Granvin Herad , Regionale og Nasjonale Retningslinjer."

Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse

Skorvo kraftlag ved konsulent Bystøl AS sendte skildring av alternativ utforming av inntaksdam og rørgate i brev av 12.01.2008, 12.02.2008 og 10.01.2009:

" Flytting av bru: Gruneigarane har hatt tankar om å riva noverande bru ovanfor planlagd dam og byggja ei ny bru over elva lenger oppe. Grunngevinga er at nov. bru er for smal og svak for dei kjøretøy som vert nytta i skogsdrifta no til dags, og at i ekstremver kan vera fare for at elva kan bryta over og renna nedover støls- og skogsvegen. Det ligg i planane at brukara skal rivast for å få eit friare elveløp.

Ca. 400 m lenger oppe står brukar etter - Gamlebrua - og eit alternativ kan vera å kombinera ei ny bru med ein dam. Det kan og vera eit alternativ lenger nede for å korta av på rørgatelengda, men med djup snø under befaringa var det vanskeleg å forma eit alternativ. I alle fall vert dam og inntak flytta lenger innover og då vegen ligg langs elva vert det berre ein kort ny vegstubbe. Inn til - Gamlebrua - er det ein smal veg som må utvidast. Merknad: Med større fall vil slukevna for turbinen gå ned frå 45 l/sek til ca. 40 l/sek.

Nedre del av rørgatetrase ovanfor planlagd kraftstasjon: Her er ei kløft i fjellknausen som kan sprengast ei grøft/renne i. Her er det planen å nytta duktile røyr som vert forankra til fjellet med betongklossar. Mellom og over desse klossane vert det fylt jordmassar slik at det vil veksa til/planta vegetasjon. Med dei trea som veks på sidene vil rørgatetrasen gå i eitt med terrenget ellers."

I brevet er det nemt eit alternativ lenger nede i elva men på grunn av snø kunne ein høveleg plass ikkje lokalisrast.

Etter at snøen for det meste var vekke har Einar Spildo og underskrivne vore på befarung, lokalisert og teke foto. Ca. 300 m lenger nede frå gamle bruplassen og ca 100 m ovanfor noverande bru er det ein godt egna plass.

Her er det ein fjellrygg som kryssar vegen ned mot og ut i elva. Planen er då å sprenga ned eit inntak på land og byggja/anleggja ein låg dam/terskel slik at elvevatn renn inn i og ned i inntaket. Rørgate vert liggjande på nedsida av vegen, med noko djupn på den fyrste strekka. Nøyaktig høgde vert innmålt. Me meiner at dette er det beste og enklaste alternativet og vil retta opp kart og profil.

Røyrkata: Einar Spildo har gjeenge opp ein trase med handhalden GPS og denne er lagd inn på kartet. Denne trasen var og under vurdering i planfasen men me gjekk ifrå den på grunn av fare for steinsprang og større lengde.

Vern mot steinsprang kan sikrast med mur på sidene og større overdekning av røyrkata på eit parti. Røyrkata vert ca. 60 m lenger men det vert ei enklare grøft på den nedre delen.

Inntak og dam: På vedlagt forslag er det tenkt ein låg Dam —Terskel tilpassa fjellformasjonen og med maks høgde 1 m i den djupaste delen av elva. Frå det djupe partiet under fossen vert det å sprengja ei grøft fram til ein kanal tilknytta inntaket. Dette på grunn av liten damdjupn i fremste delen med fare for at vatnet frys vekk-kryar- i kalde periodar. Inntakskummen vert sprengd djupare ned.”

Fylkesmannen i Hordaland uttalar i tillegg i brev av 14.05.2008:

” ...

Landskap/friluftsliv

Skorvofossen er eit sentralt landskapselement i vassdraget. Fossen er synlig fra hovudvegen. Eventuell kraftutbygging vil redusere opplevingsverdiane i vassdraget, særleg ved å redusere fossens mektigheit og den tida på året då den er særleg spektakulær.

Det kom fram under befaringa at det ligg vegar i området, og at tiltaket soleis ikkje vil krevje bygging av nye veger fram til stasjon eller til inntaket. Store deler av traseen for røyrledningen går over hogstfelt, men vil likevel føre til naturinngrep i avgrensa deler av planområdet.

Eit element som vart omtala meir grundig under synfaringa enn i søknaden, er utforming og plassering av inntaksdammen. Dammen er tenkt plassert i eit juv med ein stor høl. Området ligg like nedstraums ei bru langs ein ferdsleveg mot stolar og omkringliggande fjellområde. Området ved inntaket er prega av vakker vassdragsnatur og den mest synlege delen av elvestrengen. Området vil soleis bli mykje berørt av tiltaket. Det er planlagt bygd ein fire meter høg betongdam. Fylkesmannen meiner at det innafør vassdragsvernet ikkje kan opnast for byggetiltak og inngrep av slikt omfang som er planlagt i søknaden.

Fisk

I fiskerapporten kom det fram opplysninger som understrekar i større grad kor viktig Skorvo er for sjøaurestamma i Granvinsvassdraget. Det vart samtidig hevda at det er nedste del av Skorvo som er viktigast, og at den øvre delen er meir bratt og uegna, og at det er eit vandringshinder som gjer at fisk ikkje klarar å vandre heilt opp til fossen. Også resultata frå elektrofisket kan tyde på at det er mest stasjonær aure på den øvste strekninga av Skorvo.

På synfaringa vart inntrykket forsterka av at dei mest egna områda for sjøaure er i den nedste delen. Vår vurdering under synfaringa er at dei beste sjøaureområda strekker seg til omtrent 100m ovanfor der kraftstasjonen er planlagt. I fiskerapporten vart det og sagt at det ikkje er laks i Skorvo. Dette tilseier at den perioden vi meinte det bør vere auka minstevassføring om hausten, kan kortast inn i siste del. Sjøaure gyt tidlegare enn laks, så perioden kan då etter vår meining kortast inn til 15. august – 1. november.

Ut frå dei nye opplysningane, kan ein sei at konflikten utbygginga vil skape for fiskestammene i vassdraget, er noko lågare enn det vi skisserte i vår opprinnelege uttale. Men det står likevel fast at det i periodar vil verte monaleg redusert vassføring på deler av den viktigaste strekninga for sjøaure, og at det alltid vil vere ein risiko for skader på stamma grunna til dømes

gassovermetning, svikt i forbisleppingsventil, sementlekkasjer i byggefasen med meir. Dette må sjåast i samanheng med kor viktig fiskestammene i Granvinsvassdraget er.

Konklusjon

Fylkesmannen held fast på si tilråding om at det ikkje vert gjeve konsesjon til bygging av Skorvo kraftverk. Vi viser til vår uttale av 18.09.07. På bakgrunn av denne og utfyllande moment ovafor vil Fylkesmannen oppsummere følgjande hovudpunkt som grunnlag for tilrådinga:

- Vassdraget er verna mot kraftutbygging. Omsøkte utbygging vil skiple ved verneverdiane i vassdraget på ein vesentleg måte, spesielt knytt til landskapsverdiar.*
- Tiltaket vil redusere opplevinga av ein høg og mektig foss, som er synleg frå hovudvegen*
- Den planlagte inntaksdammen vil verte eit stort og synleg element, som ikkje kan tillatast i eit verna vassdrag.*
- Tiltaket vil kunne skipla levevilkåra for plantene i den viktige sprøytsonea nedanfor fossen.*
- Tiltaket vil gje reduserte levevilkår og auka risiko for sjøaure. Granvinvassdraget har i utgangspunktet den største sjøaurestamma i Hordaland. Den er no truga, og har trong for ekstra vern.”*

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Det er 7 private fallrettseigarar i elva Skorvo i Granvin herad i Hordaland fylke som ønskjer å bygge ut Skorvo kraftverk og å stifte Skorvo Kraftlag AS.

Føremålet med utbygginga er å nytte naturressursen i elva til kraftproduksjon og skape eit økonomisk grunnlag for å oppretthalde og sikre framtidig busetnad.

Om søknaden

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til bygging og drift av Skorvo kraftverk.

Utbyggingsområdet og eksisterande inngrep i vassdrag

Nedbørfeltet for det planlagde kraftverket ligg i fjellområdet mellom Raundalen i Voss kommune og Espelandsdalen i Granvin herad. Høgdeskilnaden i feltet er 360-1576 moh. Høgaste fjelltoppen i feltet er Olsskavlen på 1576 moh. I feltet ligg stølane Fagnastøl, Odden, Aunaset, Skeiset, Tveiti, Dale og Allii. Frå garden Spildo går det skogsveg/stølsveg frem til de fire sistnemnde stølane.

Elva Skorvo er ein del av det verna Granvinvassdraget som drenerer sørover gjennom Granvinvatnet mot utløp ved Granvin innerst i Granvinfjorden i Hardanger. Elva har samløp med Storelvi ved øvre Seim. Nedanfor den planlagde kraftstasjonen ligg eit større sandtak.

Teknisk plan

Inntak

Inntaksdam skal byggjast på kote 342, eit stykke nedanfor ei bru over elva der traktorvegen tek av frå skogsvegen/stølsvegen i området. Det er planlagt å bygge ein ca. 4 m høg og 30 m lang betong buedam med volum på ca 1200 m³. Søkjar har etter innspel frå Fylkesmannen og NVE under synfaring

22.01.2008, justert utforming og plassering av inntaksdammen. Det er lagt fram to nye alternativ. Eitt forslag vil gje ein lågare terskel i elveløpet og vidare slik at inntakskonstruksjonen blir lagt meir inn i elvekantarealet. Med det andre alternativet blir dammen flytta noko lenger opp til eit punkt der det er planar om å bygge ei ny bru og så plassere sjølve dammen under brua.

Røyrgate

Røyrkata er planlagt på vestsida av elva og skal gravast/sprengast ned i grøft over ei lengd på om lag 1010 m. Diameter på trykkroyr vert 450 mm. Traseen for røyrkata ligg i skogsterreng der det er planta skog og det er aktiv skogsdrift. Søkjar har presentert eit alternativ for nedre del av røyrtraseen i ei bratt strekkje ned mot kraftstasjonen. Røyrkata blir noko lenger, men det vil kunne være mogleg å tilpasse den i terrengformasjonane på staden.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen skal ligge på kote 45 tett ved elva Skorvo. Kraftstasjonsbygning skal vere tilpassa lokale forhold, med torvtak og ytterkledning av villmarkspanel.

Aggregatet er planlagt med installert effekt på 999 kW og maksimal slukeevne 450 l/s. Minste slukeevne for omsøkt alternativ er oppgitt til 45 l/s. Med flytting av inntaksdammen vil det bli noko auka fallhøgde, og minste driftsvassføring vil gå ned mot 40 l/s.

Elektriske anlegg

Det blir lagt ein 690 kV-kabel fram til ekstern trafokiosk ved sida av sjølve kraftstasjonen. Frå trafokiosk blir det vidare ført ein 500 m lang 22 kV-kabel frem til Indre Hardanger Kraftlag sin 22 kV-linje.

Vegar

Det er naudsynt med ein ca. 200 m lang veg til kraftstasjonen og ca. 30 m traktorveg til inntaksdammen.

Massetak og deponi

Det er ikkje behov for massetak eller deponi.

Hydrologiske verknader

Nedbørfeltet til Skorvo er fjellområda mellom Raundalen og Espelandsdalen og elva renn sørvestover mot samløpet med Storelvi ved Øvre Seim.

Nedbørfeltet for det planlagde kraftverket er på 33 km² og middelvassføringa er på 1,82 m³/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 116 l/s. Søkjar legg opp til minstevassføring på 495 l/s i sumarsesongen og 116 l/s i vintersesongen. Dette tilsvarar utrekna 5-persentilverdiar for dei respektive sesongane. Maksimal slukeevne i kraftverket er på 450 l/s tilsvarande ca. 25 % av middelvassføringa.

I eit middels år vil det stort sette vere overlaup ved inntaket frå snøsmeltinga tek til og til ut i september, og også jamleg vidare utover hausten. Om vinteren vil det i større grad berre vere minstevassføring som renn forbi inntaket. I tørre år kan det derimot være periodar allereie frå ut i juli og vidare utover sommaren og hausten då det berre er minstevassføring på utbyggingsstrekninga.

Produksjon og kostnader

I søknaden er det rekna med ein kraftproduksjon i Skorvo kraftverk på ca. 6 GWh, fordelt på 2 GWh vinterproduksjon og 4 GWh sommarproduksjon. Byggekostnader er estimert til 9,3 mill. kr. Dette gir ein utbyggingspris på 1,55 kr/kWh basert på prisnivå for 2008.

NVE har kontrollert utrekningane som er lagt fram over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine utrekningar. Det vil likevel være søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det er trong for ca 4,72 daa med permanent og midlertidig areal. Areal som vil bli nytta ligg på søkjarane sine eigedomar.

Eigarane har inngått avtale om å danne Skorvo Kraftlag AS og å bygge og drifte Skorvo kraftverk. Det er opplyst at tiltaket omfattar følgjande fallrettseigarar:

Einar Spildo Gnr 90/1
Erling Kløve Gnr 90/2
Jon Olav Folkedal Gnr 94/1
Olav Seim Gnr 94/3
Eva Karin Solvi Gnr 94/2
Simon Seim Sandlund Gnr 95/1
Knut Johan Ullestad Gnr 90/11

Forholdet til offentlige planer

Samla plan (SP)

Vassdraget er ikkje tatt med i Samla plan for vassdrag

Verneplan for vassdrag,

Vassdraget ble verna i 1986, og det blir her vist til St.prp. nr.89, Verneplan III for vassdrag:

"Kontaktutvalget viser til at objektet inneholder viktige kvaliteter både av naturvitenskapelig art, og for vilt- og fiskeriinteressene. Deler av Granvinelvas nedbørfelt er fra før holdt utenfor verneplanen. Den resterende del er sterkt påvirket av ulike inngrep og har derfor forholdsvis liten referanseverdi. En utnyttelse av vassdraget til kraftproduksjon forutsetter utbygging av fallet i Skjervefossen. Denne fossen har en meget stor landskapsmessig verdi bl.a. på grunn av sin beliggenhet ved en hovedtrafikkåre på Vestlandet, og den er av stor betydning for bevaring av et helhetlig landskapsbilde. Særlig av hensyn til fossens spesielle verdi tilrår utvalget at objektet gis varig vern."

Før dette hadde vassdraget vore mellombels verna frå 1973, gjennom vedtak av fyrste verneplan for vassdrag og det er lagt vekt på at samtlege fagområde har påvist store naturvitskaplege interesser. I høgareliggande delar vert desse dekt av Vossovassdraget, medan låglandet representerar særskilde verdiar, særleg for dei biologiske faga. Her er flora og fauna knyta til deltaområda i Granvinvatnet og edellauvskogen i dalsidane trekt fram spesielt. (kjelde; Nasjonale kontaktutvalet for vassdragsreguleringar, 1983, naturfaglege verdiar i mellombels verna vassdrag).

Kommuneplan

Granvin Herad har lagd området ut som LNF-område. Ved ein konsesjon lyt Skorvo kraftlag AS avklare tilhøvet til kommunen sin arealplan direkte med kommunen. Fylkesmannen meiner at det lyt utarbeidast reguleringsplan for området, men ved ein konsesjon etter vassressurslova er ikkje dette påkravd.

Fylkesvise planar for småkraftverk

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 vart vedteken i fylkestinget i desember 2009. I fylkesdelplanen er det gjort ei nærare omtale av 14 underområder som har stort utbyggingspotensial. Området ved Skorvofossen inngår ikkje blant desse, men grensar mot delområde Samlaffjorden. Ei fossesprøytsone i tilknytning til Skorvofossen er omtalt som viktig naturtype. I dei fylkespolitiske retningslinjene (R5) står det følgjande: " *Etablering av røyrgate og anleggsveg må ikkje føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi*"

Inngrepsfrie områder (INON)

Tiltaket vil ikkje medføre nokon reduksjon av inngrepsfrie naturområder.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg er søknaden sendt lokale styresmakter og interesseorganisasjonar, samt berørte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 22.01.2008 saman med representantar for søkjaren, kommunen og Fylkesmannen. Høyringsuttalane har vore lagt fram for søkjar for kommentar.

Granvin Herad ser det som positivt at vassressursar til småkraftprosjekt vert utnytta av grunneigarane, og på denne måten støtter opp under busetting og tradisjonell landbruksproduksjon. Heradet rår til at det vert gjeve konsesjon til bygging av Skorvo kraftverk. Heradet meiner at det bør leggst til rette for utvikling av småkraftverk i sidegreiner til Granvinvassdraget slik at dette er i samsvar med nasjonale føringar.

Fylkesmannen i Hordaland peikar på at vassdraget er verna mot kraftutbygging og at bygging av Skorvo kraftverk vil forringe verneverdiane i vassdraget. Fylkesmannen går difor imot planane om bygging av Skorvo kraftverk. Fylkesmannen konkluderar med at utbygginga vil redusere opplevinga av Skorvofossen, forringe levevilkåra for sjøaure i vassdraget nedanfor Skorvofossen og kunne påverka fossesprøytsona ved Skorvofossen.

Hordaland fylkeskommune med vedtak i fylkesutvalet rår til at det vert gjeve løyve til til bygging. Det vart vidare gjort vedtak i fylkesutvalet om å få sett i gang arbeid for å justera dei fylkespolitiske retningslinjene som vedkjem kraftutbygging i verna vassdrag slik at dei vert i samsvar med nasjonale føringar.

Naturvernforbundet i Hordaland rår ifrå at det vert gjeve løyve til bygging av Skorvo kraftverk. Granvinvassdraget er verna mot kraftutbygging, og Naturvernforbundet meiner at det er spesielt viktig å følgje føre-var-prinsippet og bevare eit eksemplar av ein viktig naturtype som fossesprøytsona. Forbundet peiker på verneinteressene knyta til naturvitskapleg verdi og for vilt- og fiskeinteressene og meiner desse vert utilbørleg påverka ved ei bygging.

Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland går sterkt i mot at det vert gjeve konsesjon til bygging av Skorvo kraftverk. NJFF meiner at utbygginga vil få store verknader på bestanden av sjøaure i Skorvo, samt i Granvinvassdraget.

Norsk Ornitologisk Forening meiner at ei utbygging av Skorvofossen bør unngåast. Dei peikar særleg på førekomst av fleire raudlista fugleartar og at det kan vere både fossefall og vintererle som er nært knytt til elver. Dersom Skorvo Kraftlag likevel skulle få løyve, vil det vere ein føresetnad at det vert gjennomført ytterlegare undersøkingar av området for at NOF kan vurdere saken på nytt.

Bergen turlag rår til at søknaden om bygging av Skorvo kraftverk vert avslått. Turlaget meiner det er feil å bygge ut varig verna vassdrag når så klare naturverdiar som den vakre Skorvofossen som fell fritt, fossesprøytsone og særprega fuktrevjande vegetasjon vil bli ramma.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til søknaden. Vegvesenet minner om at anleggsveg skal stette tekniske krav, jf. vegnormene, og at både tilrettelegging for ny tilkomst eller utvida bruk av ein eksisterande tilkomst er søknadspliktig.

Indre Hardanger Kraftlag AS og BKK nett

Indre Hardanger Kraftlag AS opplyser at der er kapasitet til å overføre 1 MW på distribusjonsnett frå Skorvo og fram til Granvin sekundærstasjon.

BKK Nett som eigar av regionalnettet i aktuelt område peiker på at det pr. dato ikkje er ledig kapasitet i regionalnettet for innmating frå Skorvo kraftverk.

Tiltaket sine verknader

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over kva NVE vurderar som viktigaste fordelar og skader/ulempar ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje ca. 6 GWh i ny årlig fornybar energiproduksjon.
- Prosjektet vil styrke næringsgrunnlaget for falleigarane og kunne gje auka lokal verdiskaping og inntekter.

Ulemper

- Ei utbygging vil medføre redusert vassføring i Skorvo på utbyggingsstrekka, noko som vil forringe landskapsbildet og kunne påverke botaniske verdiar, spesielt fossesprøytsone ved Skorvofossen og sjøaure på strekninga frå kraftverket og opp til vandringshinderet.

NVE si vurdering

Utbygging av Skorvo kraftverk vil gje noko ny kraftproduksjon og styrke næringsgrunnlaget for grunneigarane som har søkt konsesjon. Planlagt utbygging blir eit elvekraftverk med inntak, nedgrave røyrgate, kraftstasjonsbygning og tilkopling til eksisterande lokalt fordelingsnett via jordkabel. Det er ikkje naudsynt med nye vegar anna enn ein veg på ca. 200 m fram til kraftstasjonen og ca. 30 m med traktorveg fram til inntaket.

NVE vurderer det slik at kostnadsbildet som er presentert for prosjektet er slik at utbygging kan gje akseptabel lønsemd.

Høyringspartane er delt i synet på om det bør gjevast konsesjon. Granvin herad og Hordaland fylkeskommune legg vekt på fordelane knytt til auka produksjon av fornybar energi, næringsaktivitet og verdiskaping i lokalmiljøet og tilrår at det vert gjeve løyve til kraftverket. Fylkesmannen i Hordaland, og fleire friluftsforsamlingar legg vesentleg vekt på at vassdraget er verna, samstundes som dei peiker på at ei utbygging vil ha verknader på Skjervefossen som landskapselement, og dei

botaniske verdiane ved denne og i bekkekløfta, og også at ei utbygging vil råka ved Skorvo som eit verdfullt anadromt vassdrag.

Om vern av Granvinvassdraget

I vurderingane som er lagt til grunn for vassdragsvernet er det vist til viktige kvalitetar både av naturvitskapeleg art og for vilt- og fiskeinteressene. Vassdraget blir i verneplanen omtalt med verdi som typevassdrag for dei indre delar av fjordstrøka i Hordaland, grunna store geomorfologiske kvalitetar og store naturvitskapelege interesser for botanikk og fauna, samt sjøaure. Det er i verneplanen lagt særleg vekt på Skjervefossen sin spesielle og store landskapsestetiske verdi. Med særleg omsyn til desse verdiane vert vassdraget verna.

Dersom det skal gjevast konsesjon til kraftverk i verna vassdrag er det krav om at installert effekt ikkje skal være større enn 1 MW. Vidare skal det ved ein konsesjon vere gitt ei vurdering av verdiane i vassdraget med grunngjeving for kvifor desse verdiane ikkje vert svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5 og 8. Om desse krava er oppfylte skal vassdragsstyresmakta foreta ei vurdering av om fordelane av tiltaket er større enn ulempene for private og allmenne interesser slik kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i så fall gjevast løyve i medhald av vassressurslova § 8.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Nedbørfeltet til Skorvo er fjellområda mellom Raundalen og Espelandsdalen og elva renn sørvestover mot samløpet med Storelvi ved Øvre Seim. Nedbørfeltet for det planlagde kraftverket er på 33 km² og middelvassføringa er på 1,82 m³/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 116 l/s. Søkjar legg opp til minstevassføring på 495 l/s i sumarsesongen (mai – september), og minstevassføring på 116 l/s i vintersesongen. Maksimal slukeevne i kraftverket er på 450 l/s tilsvarende ca 25 % av middelvassføringa. Typisk vil ein større del av nedbørfeltet til Skorvo, som ligg relativt høgt med gode snømagasin, gje normalt stor avrenning i heile sommarhalvåret, men utover i juli og august vil vassføringa jamleg kunne gå ned mot den foreslåtte minstevassføringa. I vinterperioden, frå november til mai, vil tilsiget vere vesentleg lågare, og i lange periodar vil det berre vere minstevassføring attende i vassdraget.

NVE meiner på generelt grunnlag at i eit verna vassdrag bør det oppretthaldast ei restvassføring som sikrar at elva framleis framstår som hovudelementet i vassdragsnaturen, og samstundes bør slukeevna i kraftverket ikkje vere større enn at det vil vere lengre periodar med overløp på inntaksdammen som saman med vilkårsfesta minstevassføring sikrar variasjon og dynamikk i elva. NVE vurderer det slik at eit maksimalt vassuttak som omsøkt, saman med relativt strenge krav til minstevassføring, vil sikre at dynamikken i skiftande vassføringa ikkje blir borte. Det vil likevel vere periodar då elva er prega av redusert vassføring også om sumaren.

Vi har merka oss Fylkesmannen sitt syn om at det frå midten av august til ut oktober bør vere ei minstevassføring som er sett til minst 1,0 m³/s av omsyn til gytande sjøaure dersom det til tross for deira sitt syn vert gjeve konsesjon til ei utbygging. Dette vert nærare vurdert under i avsnittet *fisk og ferskvassbiologi*.

Biologisk mangfald

I NVE si vurdering av søknaden om bygging av Skorvo kraftverk legg vi til grunn reglar etter §§ 4, 5 og 8-12 i naturmangfaldlova saman med at ein del av vernegrunnlaget er vassdraget sin verdi for botanikk og fauna. Det kan gjerast positivt vedtak berre når fordelar og nytte ved gjennomføring av tiltaket vert vurdert til å vere større enn skade eller ulempe for allmenne og private interesser, jf. vassressurslova § 25. Verknad av tiltaket for naturmangfald er eit sentralt tema i denne vurderinga.

På delar at utbyggingsstrekka renn Skorvo i bekkekløfter nedover til utløpet i Storelvi. Tiltaket gjev verknad for elvestrekka frå omlag kote 342, avhengig av endeleg inntaksstad, til kote 54. Store delar av det tronge, og nærast uframkommelege gjelet omkring Skorvefossen kan definerast som ei velutvikla og markert fossesprøytzone. Fossesprøytsona har eit spesielt mikroklima for fuktkrevjande artar og utgjer eit klassisk eksempel på naturtypen. I rapport om biologisk mangfald (BM-rapport) er den gjeve verdi "*regionalt viktig (B)*". I Direktoratet for naturforvaltning sitt bekkekløftprosjekt (DN-rapport) er Skorvefossen som bekkekløftlokalitet gjeve verdi nasjonal/regional viktig, dvs. mellom verdi A og B. Med aukande høgde opp frå elveløpet på austsida av gjelet veks det gråor med spreidd planta gran. Skråninga nord for gjelet er svært bratt. Oppå platået før det frie fossefallet, dominerar gammal furuskog på vestsida av elveløpet. Vidare oppover går Skorvo vekselvis i små fossefall, strie stryk og rolige parti heilt opp til inntaksområdet. Lokalt opptre mindre fossesprøytsoner. Over ein lang strekning har elva her grave seg ned og danna ei djup bekkekløft. Ved planlagt inntaksområde nedanfor ei mindre bru på ein jordbruksveg, veks eit tett granplantefelt helt ned mot elva frå aust. Ulike skogstypar omsluttar elveløpet og traseen for planlagt røyrgate på nordsida. Tette granplantefelt dominerer i landskapet. Elles er der ein del furu og blandingslauvskog. Den planlagde røyrgata går stort sett gjennom granplantefelt og furuskog. Det er ikkje registrert truga vegetasjonstypar innaf det definerte utbyggingsområdet.

Store deler av elveløpet oppstrøms Skorvefossen går i til dels djup bekkekløft med skuggefull og fuktpåverka vegetasjonstypar. Naturtypen er spesielt godt utviklet mellom ca. kote 300 og 240, men er også representert andre stader i elveløpet. Det er ikkje registrert raudlista artar som er spesifikt knytta til utbyggingsområdet, men truleg er det potensial for funn av fleire sjeldne og raudlista fuktkrevjande artar i influensområdet som ikkje er grundig undersøkt fordi store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg. Vi syner her òg til Fylkesmannen si vurdering om at kløfta og fossesprøytsona kan ha verdiar som ikkje er kartlagt grunna manglande tilkomst.

I eit større område der planområdet inngår som ein del av dette er det registrert einskilde raudlista fugleartar som hubro og hønehaug, men desse er ikkje spesifikt knytta til vassdraget. Strandsnipe er kome inn på raudlista i 2010, men denne har truleg tilhald nedanfor kraftstasjonen. Fleire andre ugle- og spetteartar, samt rovfuglar, er lista i BM-rapporten som raudlista, men i ny raudliste frå 2010 er ikkje desse med lenger.

Elles er nemnd artar som gaupe, oter og jerv i nedbørfeltet til Granvinvassdraget utan at dette er vektlagt då dei ikkje vert berørt av ei avgrensa utbygging.

Fisk og ferskvassbiologi

Granvinvassdraget er vurdert som Hordaland sitt viktigaste sjøaurevassdrag. Granvinelva har også innslag av laks og er såleis klassifisert som laks- og sjøaureelv med eigne stammar. Det er vist til at Skorvo er ei viktig sideelv for sjøauren i vassdraget, og at sjøauren går helt opp til botnen av Skorvefossen, ca. 150-175 m oppstrøms den planlagde kraftstasjonen.

I verneplanen er det gjort ei drøfting av fiske i Eidfjord- og Granvinvassdraget. Utvalet fann her at Granvinelva neppe er representativ for nokon spesiell vassdragstype på Vestlandet. I verneplanen er det også vist at det "*er fiskeribiologisk interessant at det i de siste år er i økende grad observert anadrom røye i Granvinelva.*"

NVE ser ikkje at det i fråsegner eller i søknad er kommentert noko om utviklinga i den anadrome røyebestanden. Innhenta tilleggsinformasjon tyder på at utviklinga for røyebestanden har vore mindre vellukka.

NVE vurderer det slik at ei utbygging av Skorvo kraftverk vil føre til redusert vassføring på elvestrekkja frå fossen ned til utløpet frå kraftverket. Dette kan i noko grad resultere i dårlegare tilhøve for overleving samt noko meir usikre gyte- og oppvekstområde for fisk på denne strekkja. Både Fylkesmannen og Noregs jeger- og fiskarforbund - Hordaland har uttrykt frykt for at planlagt utbygging vil gje negative verknader for anadrom fisk i vassdraget.

NVE vurderer det likevel slik at planlagt minstevassføring, forbisleppingsventil i kraftstasjonen og eit moderat maksimalt vassuttak i høve til medelvassføringa er slik at det er lite sannsynleg at ei utbygging i avgjerande grad vil gje negative verknader for fisken i vassdraget, men vi har likevel lagt ein viss grad på at tilhøva lokalt kan verte forringa, og at sjøaurebestanden i vassdraget er trekt fram som del av vernegrunnlaget.

Vi er av den oppfatning at Fylkesmannen sitt forslag om ei auka minstevassføring om hausten kan vere med på å redusere verknadene ytterlegare. NVE meiner at for sjøaure så vil det vere råd å finne avbøtande tiltak som gjer at verknadene for bestanden er akseptable.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova vart gjort gjeldande frå 1. juli 2009. Lova fastsett forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljømessige prinsipp, m.a. "føre-var" prinsippet og samla belastning. Naturmangfaldlova legg føringar for myndigheitene der det blir gjeve løyve til anlegg som vil kunne få noko å seie for naturmangfaldet. Etter NVE sitt syn blir føremålet i naturmangfaldlova i praksis ivareteke gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak. Vi har likevel kommentarar til dei mest sentrale paragrafane, nemnd ovanfor, når det gjeld vår vurdering:

§ 8 om kunnskapsgrunnlag

Vi legg her til grunn at det er utført ein kartlegging av biologisk mangfald i samband med utarbeiding av søknaden (BM-rapport). Seinare har strekninga vorte kartlagd som del av Direktoratet for naturforvaltning sitt bekkekløftprosjekt (DN-rapport). Ingen av undersøkingane har påvist raudlista karplantar, mose- eller lavartar, men i begge rapportane vert det trekt fram at store delar av bekkekløfta og fossesprøytsone ved Skorvofossen ikkje er tilgjengeleg. BM-rapporten peikar på at det er potensial for funn av raudlista sopp- mose- og lavartar, medan DN-rapporten ikkje nemner dette potensialet.

NVE legg til grunn at kløfta og fossesprøytsone er kartlagd så godt som råd er. Det er påvist lungenever på fleire trær. Lungenever er ein indikatorart for at det kan vere fuktkrevjande raudlista lavartar. NVE meiner at det grunna stabil fukttilgang frå fossen er eit stort potensial for raudlisteartar i fossesprøytsone ved denne. Det er også fleire mindre fossesprøytsoner vidare oppover i kløfta som kan innehalde slike artar.

Etter NVE si meining ligg det føre godt nok kunnskapsgrunnlag om fisk. NVE meiner at strekninga som blir berørt kan få noko redusert sjøaureproduksjon.

Når det gjeld terrestrisk fauna så er det påvist nokre raudlista fugleartar og pattedyr, men desse er ikkje knyta spesielt til fossen eller vassdragsstrengen elles.

§ 9 – Føre – var - prinsippet

Som nemnd under omtale av § 8 om kunnskapsgrunnlaget så er det ikkje mogleg å kartlegge bekkekløfta eller fossesprøytsone fullt ut grunna dei topografiske tilhøva. I og med at det her ligg føre ein risiko for at det er fuktkrevjande raudlisteartar som kan verte råka, og at noko av grunnlaget for

vernet er dei biologiske verdiane, meiner NVE at ein til ein viss grad lyt ta omsyn til dette i ei endeleg vurdering. I og med at vassdraget er verna mellom anna grunna botaniske interesser er det etter NVE si vurdering grunn til utvise ekstra varsemd.

§ 10 - om belastning på økosystemet

Etter vår vurdering er bestandane av sjøaure på store delar av Vestlandet no på eit lågt nivå, spesielt gjer dette seg gjeldande i Granvinselva, og tiltak som kan medføre ytterlegare svekking vil kunne være uheldig. Etter NVE si vurdering er ei utbygging som planlagd, og med naudsynte avbøtande vilkår, ikkje i nemnande grad i konflikt med sjøaurebestanden.

Ut over det som er nemnd meiner NVE at elva som økosystem ikkje vil verte utsett for ei utilbørleg samla belastning i og med at vassdraget er verna, og at det derfor berre vil vere små inngrep som kan få løyve.

§ 11 - om kostnader

Aktuelle justeringar i prosjektet vil her særleg vere knytt til vilkår om auka minstevassføring eller ytterlegare redusert slukeevne for slik å redusere miljøkonsekvensane.

§ 12 – om miljøforsvarlige teknikkar

Omløpsventil for å hindre kortare periodar med sterkt redusert vassføring i elva ved uføresette utfall er planlagt installert. Det vil vidare være viktig med arrangement for slepping av minstevassføring med teknisk løysing som sikrar stabil drift gjennom heile året.

§ 4 - Forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem

Målet inneheld både eit kvantitativt og kvalitativt element ved at talet naturtypar og økosystem skal oppretthaldast og at dei skal ivareta artsmangfald, prosessar og produktivitet så langt det er ansett som rimeleg.

Ved ei ev. utbygging av Skorvo så vil den berøre ein viktig naturtype av typen bekkekløft. Fråføring av vatn er i hovudsak det som vil skje, og ei utbygging vil iht. dei planane som ligg føre, ikkje føre til store fysiske inngrep i kløfta.

NVEs vurdering er at trua og/eller sårbare vegetasjonstypar eller område som er kartlagt som utvalde naturtypar med verdi viktig (B) eller svært viktig (A) bør vektleggast sterkare enn trivielle vegetasjonstypar og naturtypar. I influensområdet til Skorvo kraftverk er det kartlagt ein viktig naturtype, bekkekløft, verdsett frå regionalt til nasjonalt viktig, og ei markert fossesprøytzone ved Skorvofossen og fleire mindre slike oppetter i bekkekløfta. NVE er av den oppfatning at ei utbygging av Skorvo kan føre til at den registrerte naturtypen bekkekløft med tilhøyrande fossesprøytzone vil bli skadelidande og at artssamfunnet vil kunne bli endra over tid.

§ 5 - Forvaltningsmål for artar

Forvaltningsmålet for artar tilseier at det er eit mål at artane og deira genetiske mangfald vert ivareteke på lang sikt, og at artene forekommer i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingssområder. Artane sine økologiske funksjonsområde skal også ivaretakast så langt det er naudsynt for å nå målet.

NVEs vurdering er igjen at truga og/eller sårbare artar bør vektleggast sterkare enn trivielle artar med livskraftige bestandar. Som nemnd tidligare i denne drøftingen så er det registrert einskilde raudlista fugleartar innafor influensområdet. Dei planane som ligg føre vil etter NVE si vurdering over tid ikkje

ha særlege verknader for fuglefaunaen, og ved å ta tilbørleg omsyn i anleggstida vil verknadene etter vårt syn vere akseptable.

Landskap og friluftsliv

Vassdraget strekkjer seg frå høgfjellet med høgaste fjelltoppen på 1588 moh. Vassdraget har sine kjelder i fjellområda på grensa mot Voss. Skorvofossen og Espelandsfossen saman med den største Skjervefossen utgjer markerte landskapselement. Område er mykje brukt som turområde både av lokalbefolkning og av folk busett innafor regionen.

Skjervefossen er ein viktig turistattraksjon innerst i dalbotnen ved sida av hovudvegen gjennom dalen. Det er i verneplanen lagt særleg vekt på Skjervefossen sin spesielle og store landskapestetiske verdi. Fossen vert ikkje råka av planane for Skorvo kraftverk.

Skorvofossen ligg lenger nede dalen og blir i høyringsfråsegner omtalt som eit viktig landskapselement. Fossefallet er lite synleg frå bygda, men for trafikken på vegen gjennom dalen er den markert og godt synleg. Skorvo er ei sideelv som kjem inn i Granvinselva frå ein sidedal der sjølve fossen ligg i munningen på det tronge dalrommet. I "inngangen" til dalrommet opplever ein fossefallet på venstre dalside. Fossen utviklar fosserøyk som går tvers over dalbotnen og stig opp att mot høgre side av dalen, fyller dalrommet og blir med oppstigande luft ført innover mot den indre del av den tronge Skarvedalen.

NVE vurderar det slik at Skorvofossen både som ein einskild komponent i landskapet og som del av eit heilskapleg landskapsbilete kvalifiserar til stor varsemnd med inngrep som kan skiple naturstilstanden med fossen som hovudkomponent. Vernestatus for vassdraget tilseier vidare ei varsemnd som i vesentleg grad går vidare enn ei slik generell verdsetting.

Det er NVE si vurdering at Skorvofossen som viktig natur-/ landskapselement har ein slik sjeldan og interessant karakter at det i seg sjølv, og uavhengig av vassdragsvernet, vil være uheldig med utbyggingstiltak som endrar det naturlege vassføringsregimet.

Samfunnsmessige verknader

NVE ser at produksjon av fornybar energi, utnytting av lokale ressursar og muleg positive bidrag for å styrke grunnlaget for framtidig busetnad, vil være positive samfunnsmessige verknader ved ei ev. utbygging av Skorvo. Lokal verdiskaping i anleggsperioden er også verknader som NVE vurderer som positive ved ei utbygging.

Andre interesseområde

For interesseområde som kulturminne, landbruk, vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser er det NVE si vurdering at tiltaket ikkje vil medføre nemnande verknader.

Oppsummering

NVE har vurdert utbyggingsplanen etter søknad datert 24.05.2007, med justert plan 12.01.2008, 12.02.2008 og 10.01.2009.

Det blir av NVE vektlagt som fordelar at utbygging av Skorvo kraftverk er knytt til noko auka fornybar energiproduksjon og lokal verdiskaping for falleigarane og lokalsamfunnet.

I NVE si vurdering blir det eit sentralt omsyn å vektlegge at eit kraftverk i Skorvo vil innebære inngrep i eit verna vassdrag. I verneplanen er vassdraget omtalt med verdi som typevassdrag for dei indre delar av fjordstrøka i Hordaland.

Skorvofossen som eit viktig natur-/ og landskapselement vil bli påverka av ei ev. utbygging. NVE vurderer det slik at det, uavhengig av vassdragsvernet, vil vere uheldig med utbygging som endrar det naturlege vassføringsregimet i og omkring fossen. I ei viktig fossesprøytsone i tilknytning til fossen og i bekkekløfta ovanfor kan det vere eit potensiale for å finne raudlisteartar som er fuktkrevjande, men det er ikkje mogeleg å få stadfesta dette grunna dei topografiske tilhøva. NVE meiner at når botanikk er trekt fram som eit av kriteria for vernet, må det visast stor aktsemd for å ta vare på mogelege førekomstar av sjeldne artar i eit slikt vassdrag.

NVE sin konklusjon

I verna vassdrag skal det berre gjevast løyve til ny kraftutbygging dersom verknader i høve til verneverdiane i vassdraget ikkje i nemnande grad er negative. I Granvinvassdraget er viktige omsyn for vernet knytt til vassdraget som regionalt typevassdrag, naturvitskaplege interesser og verdi for vilt- og fiskeinteresser. Det er i verneplanen lagt særleg vekt på Skjervefossen sin spesielle og store landskapsestetiske verdi.

Planlagt utbygging av Skorvo kraftverk vil etter NVE si vurdering både vere i konflikt med vernestatus for vassdraget og uavhengig av dette medføre skade og ulempe for allmenne interesser som er større enn dei fordelane som tiltaket vil gje. NVE konkluderer difor med at det ikkje blir gjeve løyve til å bygge Skorvo kraftverk, jf. vassressurslova § 35 første ledd, post 5 og 8, jf. òg vassressurslova § 25.

Denne vurderinga gjeld for alle dei alternative plasseringane som er lagt fram for inntak og røyrgate da dei ikkje i nemnande grad avbøtar dei verknadene som er avgjerande for NVE sin konklusjon.

Andre merknader i høyringsuttalane er knytt til krav til ei utbygging ved eit ev. løyve til bygging av kraftverket. Grunna NVE sin konklusjon er ikkje desse drøfta.